

ÅRSMELDING FOR ETNE SOGELAG 2020

2020 var året verda vart ramma av koronapandemien. 12. mars vart landet stengt ned, og i Noreg vart det innført dei strengaste restriksjonane som har vore i fredstid. Mange aktivitetar og tilstellingar vart avlyste eller sterkt reduserte. Men sjølv om det meste var stengt, og fleire av Etne Sogelag sine aktivitetar vart avlyste, var me etter tilhøva ganske aktive.

Årsmøte:

Årsmøtet på Skakke 19. februar samla 72 personar. Den utflytta Etnebuen Gunnar Berge (f. 1940) kåserte om oppveksten i Etne og sin politiske karriere, både som stortingsrepresentant og statsråd. Søskenbarnet Reidar Berge fortalde litt om arbeidet sitt med boka "Stølar og stølsdrift i gamle Etne kommune". Eit praktverk som kom ut før jul. Det var ein merknad til årsmeldinga: Årsmøte 2019 - det skal stå årsmøte 2018. Utanom dette vart årsmelding og rekneskap godkjende.

Arbeid i styret:

Det har vore fem styremøte til saman, to i mai og to etter sommarferien, då det ikkje var så strenge restriksjonar. Styret har hatt oppe 31 saker.

Redaksjonskomiteen for årboka vart utvida, slik at ein dekkjer grendene i kommunen betre. Ein meir presis tidsfrist for innlevering av stoff, levering til redigering og trykking. Utlevering i god tid før jul.

Planlegging av Kulturnatt og markering av 75-årsjubileum for freden. Få Einride Åkra som turleiar. Start og mål på Skakke. Dag Silde møtte på vegner av årboknemnda, han informerte om planar og opplegg for årboka 2020.

Samarbeid med Sunnhordland Museum om opplegg for Sæbøtunet 2020.

Etne Sogelag oppfordrar Sunnhordland Museum, Etne kommune og grunneigar om å koma fram til ei løysing på parkeringsutfordringane v/ Sæbøtunet.

Liv Tesdal Mjelde vart vald til kontaktperson for Dialektprosjektet «Ska' sei....», det er eit samarbeid mellom Universitet i Stavanger, Haugalandmuseet, kommunane: Haugesund, Vindafjord, Karmøy, Tysvær, Bokn, Etne, Sveio og Utsira. Frå Etne kommune skal det intervjuast seks personar mellom 60 – 80 år og tre ungdommar frå kvar av dei to ungdomsskulane i kommunen. Intervjua vert lagra på Haugalandmuseet, bachelor- og masterstudentar kan få tilgang til opptaka for å skriva oppgåver. Ein er interessert i å registrera korleis unge og eldre snakkar i dag, for så å kunna følgja med på utviklinga vidare.

Liv Mjelde og Ole Mæhle var utsendingar frå Etne Sogelag til årsmøtet i Hordaland Historielag i Øygarden 7.- 8. mars. Aslaug Olden Mala representerte Hordaland Historielag som leiar i valnemda.

Aslaug Olden Mala var utsending til rådsmøtet i Rogaland Historielag i Haugesund 15.oktober.

Arrangement

Fredsvandring rundt Etnesjøen

Under **Kulturnatt** laurdag 25. januar, markerte Etne Sogelag 75-årsjubileet for freden med vandring rundt Etnesjøen laurdag 25. januar. Turleiar var Einride Åkra. Han voks opp på Flåto, og gjekk på Enge skule under krigen. Han er derfor eit viktig tidsvitne og har mykje å fortelja om korleis det var å veksa opp og vera barn på den tida. Han har eit godt minne og hugsar korleis det såg ut; med brakkeleirar, bunkersar og mykje anna. Både start og mål var på Skakke. Etter turen vart det kaffi og ein god drøs med mimring frå den tida.

Kino:

Etter oppmoding frå Etne Sogelag, sette Etne Kino opp ei ekstra framsyning av filmen «Flukten over GRENSEN». Mange kom og såg filmen, og etter framsyninga vart det servert rykande varm betasuppe i foajéen.

Jonsokfest på Sæbøtunet 24. juni:

Etne Sogelag, i samarbeid med Sunnhordland Museum, arrangerte Jonsokfest på Sæbøtunet. Pga koronarestriksjonane vart det ikkje barnetog og jonsokbryllup. Det var leikar og tevlingar av mange slag og for alle aldersgrupper. Song og musikk til trekkspeltonar av Stein Gunnar Sandvik. Det var sal av kaffi, brus og iskrem m. m. Det var også ei lita omvising på tunet, der ein fekk høyra om bygningar og dei som budde og arbeidde der før. 50 personar deltok på jonsokfesten, som var avgrensa etter koronareglane på dette tidspunktet.

Olskofest på Sæbøtunet 29. juli

Det var olsokbål, barneleikar og tevlingar. Musikk ved Stein Gunnar Sandvik og Kjell Pedersen. Kaffi- og kiosksal og ein stor grill der ein kunne grilla mat ein hadde med seg. Forteljar Jorunn Grindheim tok dei minste med på ei reise til Eventyrland. Bjørn Arve Lunde ved Sunnhordland Museum, viste rundt i hus og bygningar. Han fortalde at Sæbøtunet var det finaste og mest velhaldne tunet til Sunnhordland Museum.

Programmet vart gjennomført etter planane fram til landet vart nedstengt i mars. Det vart opna litt opp om sommaren, både jonsok- og olsokfeiringa gjekk mest som normalt.

Årboka kom ut som vanleg, men elles vart programmet utover hausten avlyst.

Magnhild Hovin, sekretær

Årsrapport 2020

Eiendeler

KONTO	INNGÅENDE BALANSE	BEVEGELSE	UTGÅENDE BALANSE
1510 Kundefordringer	0,00	82 872,00	82 872,00
1920 Etne Sparebank Brukskonto	28 934,76	62 291,40	91 226,16
1925 Etne Sparebank Museumskonto	23 104,18	37,00	23 141,18
1930 Etne Sparebank Høgrente	270 404,50	765,00	271 169,50
Sum Eiendeler:	322 443,44	145 965,40	468 408,84

Gjeld

KONTO	INNGÅENDE BALANSE	BEVEGELSE	UTGÅENDE BALANSE
2400 Leverandørgjeld	0,00	198 243,75	198 243,75
Sum Gjeld:	0,00	198 243,75	198 243,75

Egenkapital

KONTO	INNGÅENDE BALANSE	BEVEGELSE	UTGÅENDE BALANSE
2050 Annen egenkapital	322 443,44	0,00	322 443,44
Overskudd	0,00	-52 278,35	-52 278,35
Sum Egenkapital:	322 443,44	-52 278,35	270 165,09

Inntekter

KONTO	BEVEGELSE	BUDSJETT 2020	BUDSJETT 2021
3040 Salg årbok	37 805,00		
3041 Salg bøker	60 522,00		
3200 Medlemskontingent	72 220,50		
3410 Tilskudd	55 000,00		
3443 Momskompensasjon	8 560,00		
3850 Arrangement inntekter	5 250,00		
3960 Andre inntekter	41 500,00		
8040 Renteinntekter	818,00		
Sum Inntekter:	281 675,50	0,00	0,00

Kostnader

KONTO	BEVEGELSE	BUDSJETT 2020	BUDSJETT 2021
6060 Arrangement	12 632,30		
6100 Kontingent organisasjon	6 000,00		
5210 Husleie	7 550,00		
5810 IT kostnader	2 178,75		
5840 Aviser, tidsskrifter, bøker mv.	270 400,00		
5940 Porto	6 747,80		
7500 Forsikring	2 603,00		
7770 Bank- og kortgebyr	40,00		
7790 Andre kostnader	25 802,00		
Sum Kostnader:	333 953,85	0,00	0,00

	FAKTISK	BUDSJETT	BUDSJETT NESTE ÅR
Resultat	-52 278,35	0,00	0,00

Filer

egg til

Rekneskap Etne Sogelag for 2020
 Revidert og godkjent 5. okt. 2021
 Anne Britt Gindheim Gunnar Lohaug

Referat frå Årsmøte i Etne Sogelag 19. februar 2020

Årsmøtet var halde i deler av storsalen på Skakke. 72 personar tok del i årsmøtet. Aslaug Olden Mala vart valt til ordstyrar og Anne-Britt Grindheim til referent.

Årsmeldinga vart lest opp.

Merknad frå Karsten Lunde til Årsmeldinga;

* Årsmøtet 2019 – skal stå årsmøtet 2018

Aslaug gjekk gjennom rekneskapen utan andre merknader enn dette;

Det kom opp spørsmål kvar måleria som er i sogelagets eige er; måleri av Kari Vivelid og måleri av Etne sentrum. Maleriet av Vivelid heng i gangen på Skakke i den gamle delen. Måleriet av Etne sentrum heng på lageret til sogelaget. Måleria kjem inn under eignelutar, og vert difor ikkje rekna med i årsrekneskapen.

Val av styret og nemnder tok Karsten Lunde seg av;

Sekretær: Anne-Britt Grindheim gjekk ut

Magnhild Halsnes Hovin ny 2020-2022

Revisorar: Thorbjørn Jakobsen (døde i 2020)

Anne-Britt Grindheim ny revisor 2020 -2022

Valnemnd: Johannes Kambo gjekk ut

Karsten Lunde inn 2020-2021

Eindride Aakra leiar i valnemnda 2020-2022

Skriftstyret: Vara: Arvid Kjell Osvåg ny 2020-2022

Postvegmarsjen: Gunnbjörg Ljusnes ny 2020-2022

---- -- -- -- Ymse -- -- -- -- --

Under Ymseposten fortalde Reidar Berge (1944), utflytta Etnebu no busett på Voss, litt om arbeidet med og om utgjevinga av boka « Stølar og stølsdrift i gamle Etne kommune», der han står som forfattar og redaktør av eit omfattande arbeid. Han takka for samarbeidet og velvilje der informasjon frå grunneigarar med lokalkunnskap har vore gode kjelder til materiale i boka. Utgjevinga kjem i siste del av 2020, i samarbeid med Etne sogelag.

Eit interessant kåseri fekk årsmøte deltakarane av den utflytta Etnebuen, Gunnar Berge (1940) busett i Stavanger, mellom anna om det å veksa opp under og etter andre verdskrig i Etne, som braut ut for 75 år sidan. Det vart alvor og skjemt igjennom skildringa frå oppveksten i Kålhagen på Auastad og korleis den nye heimen ved Bergsvegen vart reist av materiale frå tyskerleirane i bygda.

I mellom øktene og til songane spela Stein Gunnar Sandvik trekkspel.

Matøkt med smørbrød, kaker og kaffi høyrer med til god drøs rundt bordene. Årsmøtet vart avslutta med lynlotteri der bordpynt og fine gevinstar skifta eigarar.

Ref. ABG

ÅRSMØTE I ETNE SOGELAG 2020

På Kulturhuset Skakke onsdag 19. februar kl 19.00

ÅRSMØTESAKER:

Sal 1 Val av ordstyrar

Sak 2 Val av skrivar

Sak 3 Årsmelding

Sak 4 Rekneskap

Sak 5 Val

- . **Allsong og musikk ved Stein Gunnar Sandvik**
- **Matøkt**
- **Kåseri ved Gunnar Berge**
- **Utlodding**

Etne sogelag

*Fornan. Arslaug akka
Kassen Ole Mehle akka.*